

Rutinar for system som lagrar pasientopplysningar

Har du noko rutine for oppretting av ny brukar i pasient- og journalsystemet du brukar?

Har ikkje skriftleg rutine. Eg legg inn personalia i journalsystemet (namn, adr, personnr, telefon og fastlege og evt dato for frikort), og skriv journalnotat for konsultasjonen.

Har du noko rutine for innlegging av ny informasjon på brukar?

Eg førar ny informasjon på brukar for kvar gong dei har vore til konsultasjon i form av journal, men har ikkje noko skriftleg rutine på hvordan journalen skal føres.

Har du noko rutine for dokument frå andre instansar som kjem inn i systemet?

Nei. Ikkje noko skriftleg rutine.

Har du noko rutine for avslutting av brukar, viss brukar sluttar å gå til deg?

Nei. Ved avslutting av en behandlingsserie blir det notert i journal.

Er det noko form for tilgangskontroll i systemet?

Ja, journalsystemet ligg på sikker sone og krevjer eiga pålogging.